

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - Q81	14/3432

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
78/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.09.2014

Høyring særskilt fartsgrense FV 245 Ådlandsvegen

Vedlegg:

Fv.245 i Meland Kommune - Høringsbrev - forslag om særskilt fartsgrense - Ådland
Kart

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statens Vegvesen har ved brev datert 25.07.2014, sendt framlegg til særskilt fartsgrense for siste del av FV 245, Ådlandsvegen, på høyring. Fartsgrensa er i dag uklar med tanke på at det er ei generell fartsgrense 50- eller 80 km/t som er gjeldande.

Før regionvegkontoret fattar vedtak i medhald av skiltforskrifta, er kommunen beden om å kome med uttale. Uttalefristen er sett til 25.09.2014.

Framlegget inneber at 1,5 km av FV 245, Ådlandsvegen vert skilta med 50 km/t. Strekinga er vist i kartvedlegget til høyringsbrevet frå Statens vegvesen. Bakgrunnen for forslaget om særskilt fartsgrense 50 km/t har blitt vurdert, er at Statens vegvesen har fått bekymringsmeldingar frå private personar om høg fart på strekinga. Vidare er det vurdert at antal avkøyrslar på strekinga, varierende vegbreidde og mangel på gang- og sykkelveg taler for og gi strekinga fartsgrense 50 km/t.

Vurdering

Administrasjonen sluttar seg til vegvesenet sine vurderingar av at den aktuelle strekinga. Det er ikkje registrert ulukker på denne fylkesvegen. ÅDT på 500 bilar er relativt lite, men vegen er ikkje dimensjonert for høg fart, noko dei fleste køyrande tek omsyn til. Ei fartsgrense på 50 km/t vil såleis ikkje føre til vesentleg endra køyremønster slik administrasjonen ser det, men tvert i mot byggje opp under den faktiske situasjonen. Samstundes er det eit sterkt signal til dei få som ikkje tilpassar seg tilhøva langs vegen. Tiltaket er ikkje kommentert i den sist reviderte trafikksikringsplanen for Meland, godkjent i av kommunestyret i møte 12.09.2012. Det er likevel positivt at vegvesenet tek opp fartsgrensevurderinga, og administrasjonen har ingen merknader til vedtak om særskilt fartsgrense for FV. 245, Ådlandsvegen, slik Statens vegvesen gjer framlegg om.

Folkehelse: Trafikksikringstiltak er positivt

Miljø: Ikkje relevant

Økonomi: Ikkje relevant

Framlegg til vedtak:

”Utval for drift og utvikling sluttar seg til framlegget om særskilt fartsgrense 50 km/t for delar FV 245, Ådlandsvegen, slik Statens vegvesen gjer framlegg om.”

Utval for drift og utvikling - 78/2014

UDU - behandling:

UDU - vedtak:

”Utval for drift og utvikling sluttar seg til framlegget om særskilt fartsgrense 50 km/t for delar FV 245, Ådlandsvegen, slik Statens vegvesen gjer framlegg om.”